

# Referat frå møte i SU, tysdag 27. oktober

STAD: Gymsalen på skulen

TID: Tysdag 27. oktober kl. 18.30

Til stades: Elevrepr. Frå 4. klasse: Tor Leander Krusedokken Solberg, og Ingeborg Falck-Magnetun,

Frå skule: Iren Halbjørhus (FAU), Målfrid Støyten (Personale), Magnhild Finset Fjeldheim (Personale), Cristina Moran Kjølstad (Rektor)

Frå barnehage: Trine Pauck-Øglund (FAU), Charlotte Taraldsen (FAU), Mette Kopperud (Personale), Kari M. Moland (Personale), Monika Randar (styrar)

Forfall: Kristina Bjørn (FAU – SKULE) og Jørgen Von Tangen (Eigar)

Sakliste:

- **Litt informasjon frå 4. klasse representantane**

Elevrepresentantane har vore rundt i alle 4 klassane for å høyre kva elevane er fornøyde med inne, ikkje fornøyde med inne. Kva dei er fornøyd med ute og kva dei ikkje er fornøyd med ute. Til sist la dei også fram kva dei ikkje er fornøgdde med som dei ville si ifrå om til rektor. I tillegg spurte dei kva for ynskjer elevane har for skulegården på den nye skulen.

Alt dette er informasjon som rektor tek med seg vidare i arbeidet framover.

- **Gå gjennom kva SU er**

Cristina delte ut eit skriv om kva som står på heimesida om SU (Samarbeidsutvalget): Samarbeidsutvalet (SU) er skula og barnehagen sitt øvste rådgjevande organ og her er alle partar i skula og barnehagen representert; elevar (gjeld skule), foreldre, undervisningspersonell, andre tilsette og to representantar frå kommunen, kor rektor skal vera den eine. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skula og barnehagen.

SU kan uttale seg om følgjande i skule:

- Forslag til budsjett
- Arbeids- og utviklingsplanar for skula
- Plan for heim-skule-samarbeid
- Skulevurdering
- Planer for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga
- Skulas informasjonsarbeid
- Prinsipp for val av bøker til skulebiblioteket
- Fritidsaktivitetar
- Skuleskyss
- Trafikkforholda og korleis skulevegen kan sikras
- Ordensreglement

Det vil vere mykje av dei same sakene i barnehagen. Kommunen kan bestemme at det skal være felles samarbeidsutvalg for kommunal barnehage og grunnskole. Det har me i Hemsedal. Det er også mogleg å ha eit del-SU der det er større saker som kun angår barnehage eller skule. T.d. hadde me det i vår når det skulle avgjerast om me skulle ha 3 veker samanhengande sommarstengd i barnehagen sommeren 2020.

Representantar i SU 2020-2021:

Styrar: Monika Randar

Rektor: Cristina Moran Kjølstad

Foreldre skule: Iren Halbjørhus SFO: Kristina Bjørn

Foreldre barnehage: Trine Pauck Øglund og Charlotte Taraldsen

Kommunens representant: Jørgen von Tangen

Tilsette Skule: Målfrid Støyten, Irene Flaget (vara: Magnhild Finset Fjeldheim)

Tilsette barnehage: Kari M. Moland (vara: Sigrid Flaget) og Mette Kopperud (vara: Estera Ciur)

Det vart prata litt om kva for saker som er naturleg å ta opp i SU. Ny storskule er eit eksempel som kom opp. Det er viktig at småskulene også vert teke med i arbeidet framover, sjølv om dei har vorte teke seint med.

Cristina sender arkitekt-teikningane til alle i SU.

- **Budsjett 2021**

Det vert jobba med innsparing i heile kommunen for å kunne leggje fram eit budsjett for 2021 i balanse. Viktig med ressursane og tidleg innsats i barnehage og skule. Dersom oppvekst får beskjed om å spara ein stor sum er det viktig at SU kan være med å uttale seg. Viktig at det heller ikkje vert fira på hjelp til dei som treng ekstra støtte.

- **Diskutere viktige omgrep i SU for å få felles forståing av omgrepa**

Me prata om omgrepa rådgivande, kontaktskapande og samordnande.

Rådgivande: gje råd til viktige saker i bhg/skuledrifta. Viktig at vår stemme blir høyrte. Få fram vårt syn i store saker.

Kontaktskapande: Å skapa god kontakt der alle partar blir sett og høyrte

Samordnande organ: Finne fram til felles løysingar.

Viktig at referat vert lagt ut på heimesida og at det vert sendt e-post til alle føresette om at det ligg der. Monika sender også ut årshjul til SU representantane saman med referat.

- **Status så langt i skule - barnehageåret, ressursmessig og elles:**

**Skulen:**

Har 47 elevar, og utdanna tilsette i alle stillingar. I tillegg har skulen fått inn miljøterapeut som kan hjelpe born som t.d. slit med skulevegring. Miljøterapeut er foreløpig tilsett fram til nyttår. Det er nokon utfordringar i klassemiljøet på nokon trinn, det er iverksatt tiltak.

Litt sjukdom blant personalet. Det er sårbart, men får det til. Veldig fleksibelt personale. Samarbeidande kohortar hjelper. Viktig å være innstilt på at det kan bli heimeskule igjen. Det kom spørsmål om barna får med seg pc heim dersom undervisninga skal gjennomførast på pc. Det er pc 'ar til låns her. Rektor sjekkar kor mange pc 'ar som er på huset og evt. om dei må ha fleire for å ha tilstrekkeleg. Har no erfaring med dette.

**Barnehagen:**

Det er i no 45 barn i barnehagen. Røggelia og Åne er full, men Kroken har mulighet til å ta inn to born til etter nyttår. Det er nytt opptak 1. november. Då vil barnehagen trenge meir ressursar.

Det er lite vikarar i barnehagen, men me har heldigvis ikkje hatt så mykje sjukdom heller. Personalet opplever at det er ein del meirarbeid med korona ved henting og levering, sidan borna vert levert og henta ved porten.

- **Eventuelt**

Det vart stilt spørsmål om kor tid blir SU vert invitert inn i møter. Rektor og styrar tek med innpela som kjem fram vidare.

På HBU har helsesjukepleiarene informert om nettvett knytt til både sosiale mediar og porno. Det diskuterast om dette bør inn på eit tidligare stadiet. Mogleg allereie på 4 trinn.

Ref. Monika ☺